



Norske Felleskjøp SA

Prognose for tilgang og forbruk av norsk korn for sesongen 2019/2020

9. september 2019

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å skape balanse i kornmarknaden i Norge. Norske Felleskjøp skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet. Sentrale verkemiddel er tiltak mot periodiske overskott og tilrådingar om nødvendig import av råvarer. Prognosar er grunnlaget for gjennomføringa av desse tiltaka og tilrådingane.

Septemberprognosen gir i hovudsak oppdatert informasjon om tilgangen av norsk korn. Prognosen er i år framskunda for om mogleg å avklare tiltak mot eit tidleg, stort overskott av haustkveite av matkvalitet.

Tilgangsprognose

Prognosert tilgang til industrien pr. september byggjer på arealprognosen pr. august, oppdaterte estimat for avlingar pr. dekar korrigerert for korn som går til såkorn/leigemaling og prognosert andel matkorn for kveite og rug. Norske Felleskjøp gir følgjande prognose for tilgang av norsk korn til matmjøl- og kraftfôrindustrien for sesongen 2019/2020:

Tilgang norsk korn (tonn)

	Gjennomsnitt 2014-18	Tilgang 2018	Prognose 2019	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
Matkveite	165 000	84 400	228 000	138 %	270 %
Fôrkveite	164 000	42 200	236 000	144 %	559 %
Kveite i alt	329 000	126 600	465 000	141 %	367 %
Matrug	21 000	2 400	18 000	86 %	750 %
Fôrrug/rugkveite	16 000	5 300	32 000	200 %	604 %
Rug i alt	37 000	7 700	50 000	135 %	649 %
Bygg	506 000	408 900	544 000	108 %	133 %
Havre	259 000	146 700	242 000	93 %	165 %
Korn totalt	1 131 000	690 000	1 301 000	115 %	189 %
Erter	3 000	2 700	3 000	100 %	111 %
Oljefrø, åkerbønner	10 000	7 200	7 000	70 %	97 %
Korn, erter, oljefrø	1 144 000	699 900	1 311 000	115 %	187 %
Matandel kveite	50 %	67 %	49 %		
Matandel rug	57 %	31 %	36 %		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

Prognosen tilseier ein tilgang av korn som er 28 000 tonn høgare enn prognosert i august. Tilgangen av kveite er prognosert opp medan tilgangen av dei andre kornslaga er justert i mindre grad.

Prognose for avling i kg pr. dekar

Avdelingar i Norsk Landbruksrådgiving har vurdert avlinga og gitt innspel pr. 05.09.2019.

Rådgjevarane har for nokre regionar gitt kommentarar til avlingsvurderingane:

Norsk Landbruksrådgiving Øst, Øsaker:

«Det er jevnt over svært gode høstkornavlinger i hele vårt område. Høstkornet og bygg er nå høstet. Det er en del havre igjen og treskingen av vårhvete startet midt i forrige uke. Vi regner med at vårhveten som står ute nå er av fôr kvalitet. Andel høstraps i forhold til vårraps er stor i vårt område og det meldes om avlinger på 4-500 kg/daa. Vi har derfor justert opp avlingen på oljevekster til 300 kg/daa.»

Norsk Landbruksrådgiving Øst, Hvam:

«Vi tror fortsatt på et meget godt kornår dersom vi får avlinga i hus. Mye nedbør i det siste skader både avlingsmengde og kvalitet. Vi har nå tresket en rekke forsøksfelt. Mange felt har veldig gode høstkornavlinger. Byggavlingene er også på et nivå vi sjelden har sett maken til. Har derfor justert opp avlingsanslaget for bygg.»

Norsk Landbruksrådgiving Øst, Roverud:

«Kornarealene som er tresket så langt viser gode avlinger. Derfor er jeg fortsatt optimistisk. Andel omsådd høstkorn er jeg mer usikker på, men inntrykket er at vi har hatt relativt god overvintring. Forsøksfelt med høstkorn viser gode avlinger.»

Norsk Landbruksrådgiving Innlandet, Blæstad:

«Det er ikke tresket veldig mye enda. Avlingene å langt se bra ut, men som vi skrev i forrige prognose, vil det sent sådde trekke ned. Brage bygg skuffer litt mens Rødhette gjør det bra. Vi har ingen god grunn til å endre prognosen fra august.»

Norsk Landbruksrådgiving, Trøndelag (Nord):

«Det står fortsatt så mye ute at det er vanskeleg å spå. Blir derfor samme prognose som i august. Det er store areal med gode avlingar, derfor blir det eit godt kornår, på line med 2008.»

Prognose for areal og arealfordeling

Arealprognosen er justert i forhold til augustprognosen for reviderte anslag over omsådd areal av haustkorn. Det blir estimert at om lag 20 % av haustkornet vart omsådd i vår.

Arealfordeling 2014 - 2019 (dekar)						
	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Haustkveite	205 474	375 711	114 213	302 794	98 955	492 000
Vårkveite	585 034	480 096	552 434	453 771	485 764	364 000
Kveite	790 508	855 807	666 647	756 565	584 719	856 000
Rug, rugkveite	60 846	104 104	45 460	83 628	33 166	82 000
Bygg	1 259 617	1 225 484	1 367 167	1 341 631	1 470 877	1 277 000
Havre	714 966	629 935	758 377	672 555	694 062	571 000
Korn	2 825 937	2 815 330	2 837 651	2 854 379	2 782 824	2 786 000
Oljefrø, åkerbønner	40 999	34 707	41 301	23 002	32 523	29 000
Korn/oljevekstar	2 866 936	2 850 037	2 878 952	2 877 381	2 815 347	2 815 000

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

Prognose for avling

Tabellen under viser historiske avlingar pr. dekar og prognosert avlingsnivå:

Avling, kg/dekar

Kornslag	2014	2015	2016	2017	2018*	Ti års snitt	Prognose 2019	I forhold til 2018	I forhold til ti års snitt
Kveite	492	574	465	537	241	430	564	234 %	131 %
Rug	625	635	509	596	362	468	612	169 %	131 %
Bygg	420	414	465	424	274	375	452	165 %	121 %
Havre	396	452	473	430	220	369	448	203 %	121 %
Totalt korn	439	479	468	460	255	390	489	192 %	125 %
Oljefrø	199	240	216	295	223	201	230	103 %	114 %

Forbruksprognose

Foredling av matkorn i Norge

Prognosen for totalt forbruk av matkorn hos norske matmjølmøller er basert på forbruksstatistikk frå Landbruksdirektoratet til og med juli i år. Tabellen under viser forbruket dei siste sesongane, og prognose for perioden august 2019 – september 2020.

Matkornforbruk pr kornsesong (tonn)					
Sesong	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
2014/2015	274 945	22 124	3 187	30 888	331 144
2015/2016	276 701	21 122	3 517	30 281	331 621
2016/2017	279 211	21 177	3 232	30 145	333 765
2017/2018	273 813	22 080	3 450	35 727	335 070
2018/2019*	271 500	20 200	2 900	35 500	330 100
Prognose 19/20	267 000	20 000	3 300	37 000	327 300

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Tilgang til havre til matmjølmøllene har i enkelte år vore utfordrande og import har vore nødvendig. Vi er inne i ein sesong med krevjande haustingsforhold og tilgangen av grynhavre av norsk kvalitet kan bli vanskeleg også i år.

Produksjon av kraftfôr

Forbruksprognosane for kraftfôr baserer seg på statistikk for omsetning av kraftfôr og leveransar av husdyrprodukt til og med 2. kvartal i år.

Prognosen er oppdatert mot nye prognosar for produksjon av mjølk, kjøtt og egg.

Forventa omsetning frå og med 4. kvartal i år og til og med 3. kvartal neste år er prognosert under:

Kraftfôromsetning per kornsesson (tonn)					
	Drøvtyggar	Svin	Fjørfe	Anna	Sum
4K14 - 3K15	1 010 312	495 779	426 925	22 386	1 955 402
4K15 - 3K16	1 012 834	498 346	436 699	19 094	1 966 973
4K16 - 3K17	1 004 677	491 545	458 736	16 823	1 971 781
4K17 - 3K18	1 053 443	487 750	444 983	16 753	2 002 929
4K18 - 3K19*	1 092 700	465 100	468 800	18 300	2 044 900
4K19 - 3K20**	1 057 000	462 000	475 000	18 500	2 012 500
Endring	-3,3 %	-0,7 %	1,3 %	1,1 %	-1,6 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Fordeling av tilgangen av norsk korn

Det er i år prognosert stor tilgang av matkveite klasse 4 og 5 (haustkveite) som skaper utfordringar for å kunne bruke alt i sesongen.

Fordelinga av tilgjengeleg norsk korn

I prognosen er det føresett at overskott av klasse 5 blir omdisponert til fôr og at eventuelt overskott av klasse 4 blir vurdert overlagra.

Norske Felleskjøp anslår at det pr. veke 36 er motteke knapt 60 000 tonn kveite av klasse 5 og at halvparten er levert som matkorn. Prognosen tilseier ein tilgang av klasse 5 i sesongen på 150 000 tonn; det gjenstår dermed om lag 90 000 tonn å levere av klasse 5, som dels er på lager hos bonde og dels pr. i dag ikkje er hausta. Vi legg til grunn at matandelen av denne restleveransen vil falle og set denne til 30 %. Dette gir gjenstående tilgang av matkorn av klasse 5 på om lag 27 000 tonn; i alt om lag 56 000 tonn i sesongen. Med eit estimert lågt forbruk av klasse 5 på 5 000 tonn, blir forventa overskott av matkveite som uansett bør omdisponerast til fôr om lag 51 000 tonn. Dette er mindre enn estimert i august.

Tabellen under gir oversikt over den forventa fordelinga av det norske kornet i sesongen.

Kornbalanse (tonn)	Mat-kveite	Matrug	Fôr-kveite	Fôrrug	Bygg	Havre	Fôrkorn
Overlagra etter førre sesong	0	0	0	0	0	0	0
Prognosert ny tilgang	228 000	18 000	236 000	32 000	544 000	242 000	1 054 000
Mat/fôr	-2 000		2 000		-3 000	-32 000	-33 000
=Tilgang	226 000	18 000	238 000	32 000	541 000	210 000	1 021 000
Omdisponering	-51 000	0	51 000	0			51 000
-Prognosert forbruk	166 000	18 000	289 000	32 000	541 000	210 000	1 072 000
=Prognosert balanse	9 000	0	0	0	0	0	0

Det prognoserte overskottet av matkveite er klasse 4 som vil bli vurdert overlagra til neste sesong.

Ved stor tilgang av norsk korn kan det bli nødvendig å akseptere import av råvarer til kraftfôr ut over det som følger av balansen mellom forbruk og tilgang av norsk korn for å sikre ernæringsmessige og helsemessige krav hos husdyra.

Det prognoserte forbruket norsk korn i tabellen over (tilgang av fôrkorn og omdisponert matkorn) er mindre enn estimert rom for norsk fôrkorn totalt i tabellen under¹. Vurderingar av minimumsimport ser difor førebels ikkje ut til å bli aktuelt. Dette vil bli vurdert nærare gjennom sesongen.

	Minimum	Robust
Totalt behov for karbohydrat	1 348 000	1 348 000
Minimumsbehov for import i sesongen	-204 000	-251 000
Teoretisk rom for norsk fôrkorn	1 144 000	1 097 000

¹ Jamfør rapporten «Rom for bruk av norsk korn» frå Norske Felleskjøp 01.12.2017

VEDLEGG

Tilgang korn historisk og prognosert (tonn)

	Matkveite	Fôrkveite	Total	Matrug	Fôrrug og rugkveite	Total rug/rugkveite
2004/05	336 060	55 818	391 878	33 192	5 811	39 003
2005/06	355 252	22 663	377 915	25 872	7 563	33 434
2006/07	219 365	120 726	340 091	19 940	4 690	24 630
2007/08	303 085	78 421	381 506	25 080	13 226	38 305
2008/09	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/10	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/11	184 791	127 458	312 249	16 182	17 585	33 767
2011/12	40 504	229 783	270 287	4 747	11 478	16 225
2012/13	174 164	84 459	258 623	2 853	2 025	4 878
2013/14	171 406	26 335	197 741	11 700	949	12 649
2014/15	217 471	150 946	368 418	31 259	6 764	38 023
2015/16	147 734	324 001	471 735	36 591	29 532	66 123
2016/17	224 867	65 522	290 389	13 457	9 529	22 987
2017/18	148 389	235 715	384 104	20 929	28 849	49 777
2018/19	84 394	42 218	126 613	2 438	5 319	7 757
13. august	253 000	175 000	428 000	17 000	29 000	46 000
Prognose	228 000	236 000	465 000	18 000	32 000	50 000

Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner	Rugkveite ¹⁾
2004/05	599 521	353 222	1 383 624	2 476	12 237	642
2005/06	557 297	264 385	1 233 032	3 400	11 220	223
2006/07	508 919	233 840	1 107 480	5 934	9 519	49
2007/08	456 091	260 427	1 136 329	8 691	8 966	67
2008/09	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722	353
2009/10	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819	248
2010/11	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165	466
2011/12	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577	116
2012/13	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315	184
2013/14	479 429	212 361	902 179	963	6 015	413
2014/15	498 860	269 693	1 174 994	2 087	9 648	1 262
2015/16	474 394	268 737	1 280 989	3 535	10 403	3 926
2016/17	601 722	339 272	1 254 370	5 070	11 450	3 861
2017/18	544 725	269 813	1 248 420	3 762	10 226	17 058
2018/19	408 923	146 660	689 952	2 729	7 238	4 704
13. august	551 000	248 000	1 273 000	3 000	6 000	
Prognose	544 000	242 000	1 301 000	3 000	7 000	

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

¹⁾ Blir rekna som fôrrug i statistikk og prognose